



Referat frå FAU-møte (Foreldra sitt arbeidsutval)

Desse møtte: 1A Nina K. Heggstad Skjerven, 1B og 4A Endre Rosvoll Langset, 2A Linda Nesse Nesdal, 2B Iselin Haugen, 2C Toril Marie Terum, 3A Marie Fossheim, 3B og 6C Torje Hirth, 4A Endre Rosvoll Langset, 4B Jon Anders Schei, 4C Agnete Fløtre Bøyum, 5A Rakel Boge, 5B Monika Staberg Sunde (vara), 6B Bente Bakke, 7A Kjell-Wernik Skarmyr Nystøl 7B Silje Sægrov Amble og 7C Christian Moltu.

Onsdag 27. september 2023 kl. 19.00 – 21.00

Møtestad: Auditoriet i Firkløveren.

13/23 Presentasjon av representantane og godkjenning av sakliste

Ok.

14/23 Informasjon om FAU

Sjå Slatten.no

Dette vart teke opp på møtet:

[Kva er FAU](#)

Gjennomgang av hovudoppgåvene til FAU.

[FUG](#)

Såg informasjonsfilm om FAU.

Kommunikasjon via e-post. Avventar og ser om ein eventuelt skal opprette ei Teams-gruppe. Det er einigheit om at rektor deltek på møta, men det er høve til å ha møter utan rektor til stades dersom det er ynskje om det.

Gjennomgang av oppgaver i årshjulet til FAU.

Var kort innom oppgåvene til SU og SUM.

15/23 Val

Leiar (vert òg leiar i SU og SUM): Christian Moltu

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Årdal	57 61 28 44	johnny.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no

Nestleiar: Agnete Fløtre Bøyum
Kasserer: Torje Hirth
Sekretær på omgang

Sette saman:

«Legene-gruppa»

Leiar for gruppa: Christian Moltu

«Skuleområdet»: det vart mellom anna drøfta behov for vedlikehald, men at det er manglande økonomiske midlar i kommunen. Innspel på møtet: også ha fokus på mobbing, samhald, det psykososiale miljøet på skulen («HMS»). Framlegg til nytt namn på gruppa: Trivselsgruppa, HMS-gruppa.

Leiar for gruppa: Agnethe Fløtre Bøyum

«Trafikk og skuleveg»: det vart mellom anna drøfta om det blir eit meir utfordrande trafikkbilde når den nye barnehagen blir bygt. Vert det t.d. uoversiktleg når borna skal krysse vegen, vert det nok parkeringsplassar, vert det risikofylt for borna å gå/sykle til skulen dersom det vert bygd ein ny, stor barnehage?

Leiar for gruppa: Astrid Iren Solheim Korsvoll

16/23 Trafikktryggleik og sykling til skulen.

FAU støttar framleis oppmodinga om å vente med å sykle utan følge av ein vaksen til skulen til eleven går i 5. klasse. Trygg Trafikk tilrår at born er 10 til 12 år før dei syklar åleine i blanda trafikk.

17/23 Informasjon om framdrifta på Legene.

Ikkje så mykje nytt å rapportere. Rektor informerer om at det skal setjast opp ei sperrestove i staden for å bygge ei heilt ny løe. Det skal restaurerast, ikkje byggast nytt. Med tilbygget, vil det verte plass til ein heil klasse der oppe. Det er framleis ein liten sum att på prosjekt-kontoen til Legene.

18/23 Det blir Slåttenveke i veke 49. Forslag til foredragsholdar på foreldremøte.

«Annleisveke». Jul skal vere eit tverrfagleg tema i alle klassane i Slåttenveka.

Framlegg til foredragshaldar: Camilla Norstrand. Det er stemning for å hyre ho inn som foredragshaldar på foreldremøtet.

19/23 Godkjenning av møteplan

Møteplan for Foreldreutvalet – Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Slåtten skule

Møteplan for FAU	Møteplan for SMU/ SU
Onsdag 27.09.23 kl.19.00	Onsdag 29.11.23 kl.18.00
Onsdag 07.02.24 kl.19.00	Onsdag 22.05.24 kl.18.00
Onsdag 17.04.24 kl.19.00	

20/23 Ymse

Saker under ymse:

Leksehjelp: innhaldet i leksehjelp-øktene. Born fortel heime at dei ikkje får jobbe med lekser i alle fag i desse øktene, men at dei heller må jobbe med ekstrahefter. Dei får altså ikkje jobbe med leksene på sin plan, men må jobbe med leksehjelp-hefter.

Det vart òg drøfta lekser generelt. Rektor fortel at Slåtten har fokus på at leksemengda skal vere moderat, at dei er ein leksebevisst skule. Det kom innspel frå foreldre på ulike trinn at det kan vere mykje lekser. Det vert drøfta at det varierer frå lærar til lærar kor mykje lekser elevane får. Kor lang tid er det venta at elevane skal sitje med lekser? Kan det vere aktuelt å tidfeste kor lang tid ein kan forvente at borna skal sitje med lekser?

Innspel: dersom ein set ei «tidsramme» på leksearbeid, kan det vere slik at nokre heimar nyttar lang tid på å berre motivere borna til å kome i gang med arbeidet, ergo rekk dei ikkje å jobbe så mykje.

Drøfta at det er viktig at borna må få anerkjenning på leksearbeidet dei har gjort frå lærar.

Leik i skulen – og på fritida: Det vart drøfta at ein må ha fokus på frileik og at ein må vektlegge meir tid til leik i småskulen. Særleg i 1. klasse. Starte dagen med leik.

Viktig at foreldra er medvitne på aktivitetsnivået dei legg opp til på fritida for borna. Det er mange born som er på fleire aktivitetar i veka, og som sjeldan eller aldri har tid til frileik og «leik i gata» med vener.

Vanskeleg for nokre foreldre å seie nei til at borna skal delta på aktivitetar. Føler kanskje på press om at ein «må delta på mykje». Ein må prestere på alle aktivitetane ein deltek på, og dette kan føre til stress.

Rektor spelar inn at skulen har fokus på å samtale med borna om «Slåttenreglar». Desse går på omsorg, samarbeid, inkludering og respekt.

Innspel om mat og helsefaget: diskutert at det vart laga tomatsuppe frå pose i faget. Ultraprosessert mat har vore mykje omtalt i nyheitene. Innspel: Maten bør lagast frå botnen av. Undring rundt kva borna lærer ein av «å tømme ein pose i ein kjele og å tilsetje vatn».

Fleire på møtet seier at dei ikkje kjenner seg att i at mykje mat vert laga på denne måten. Inntrykket frå fleire er at borna lagar det meste av maten frå botnen av. Rektor fortel at det er fokus på at det skal vere gode matopplevingar for elevane.

Samlingspunkt på skulen på kveldstid: Nokre foreldre har teke dette opp. Det er observert nokre eldre ungdommar på skuleområdet på kveldstid. Det vart drøfta at ungdom lyt ha ein stad å vanke dei òg. Dersom det ikkje er hververk/uro/plagsamt, tenkjer ein at ungdomane må få vere her på kveldstid. Det er kameraovervaking på skuleområdet.

Barnehageutbygginga: dette drøftar trafikkgruppa vidare.

Oversikt over medlemmer i FAU finn de på heimesida til skulen.

Arbeidsgrupper i FAU

Legenegruppa

Namn	Tlf
Christian Moltu	92269691
Torje Hirth	92283508
Toril Marie Terum	99610534
Jon Anders Schei	95879645
Gunnhild Sande	90051615
Endre Langseth	91546310

HMS - gruppa

Namn	Tlf
Agnete Fløtre Bøyum	90522517
Rakel Boge	48090144
Bente Bakke	97517070
Marie Fossheim	91691932
Silje Sægrov Amble	47409954
Hazeem Mohamed Riyaz	99580420
Kjell-Wernik Skarmyr Nystøyl	95172280

Trafikk og skuleveg

Namn	Tlf
Sigurd Huus Folkestad	48037106
Nina K. Heggstad Skjerven	92280723
Iselin Ekroll Haugen	41684477
Astrid Iren Solheim Korsvoll	91149816
Linda Nesse Nesdal	99420630

Slåtten skule, 27. september 2023

Rakel Boge
- Referent -